

## Kriterium for frivilligprisen i Vestland

Frivillighetsprisen sitt mål er å skapa engasjement og fremma organisasjonane bak dei nominerte. Fylkeskommunen vil auka statusen, interessa og merksemda rundt frivillig arbeid. Den skal synleggjera frivilligheita sin verdi for menneske og samfunn gjennom å løfta fram gode eksempel på resultat av frivillig innsats. Prisen er ein del av fylkeskommunen sitt arbeid for å stimulera til mangfald, breidde og ein nyskapande frivillig sektor.

Vestland fylkeskommune sin frivilligpris har som mål å motivera, synleggjera og verdsetja frivilligheita i fylket. Fylkeskommunen ynskjer å heidre ein initiativrik person, organisasjon eller foreining som har utmerka seg med frivillig innsats til beste for medmenneska i Vestland.

Frivilligheita si breidde og mangfald, både med tanke på organisasjonsform, tematikk, alder og kultur skal over tid gjenspeglast i eit tilsvarande mangfald blant prisen sine vinnarar. Prisen blir gitt på grunnlag av innsats over lenger tid eller i eit tidsavgrensa prosjekt. Prisen skal brukast innan frivilligfeltet, det er prisvinnar som avgjer kvar.

Prisvinnaren mottok diplom og 50 000 kr som skal brukast innan frivilligfeltet. Frivilligprisen Vestland blir utdelt på Vestland fylkeskommune sin kulturkonferanse.

### Forslag til kriteria for frivilligprisen:

1. Prisen skal gå til ein person, organisasjon, foreining eller gruppe i Vestland, som har utmerka seg med frivillig innsats, engasjement og pågangsmot til beste for den enkelte og samfunnet. Dette over lengre tid eller i eit tidsavgrensa prosjekt.
2. Prisen skal synleggjera frivilligheitas eigenverdi og samfunnsverdi gjennom å løfte fram gode førebilete og eksempel på resultat av frivillig innsats.
3. Frivilligheita si breidde og mangfald med tanke på organisasjonsform, tematikk, alder og kultur, skal over tid gjenspeglast i eit tilsvarande mangfald blant prisen sine vinnarar.
4. Prisen skal brukast innan frivilligheita og det er prisvinnar som avgjer kvar.
5. Alle som er busett i Vestland har forslagsrett.
6. Prisen kan ikkje gjevast til ein offentleg aktør.

Frivilligprisen er på kroner 50 000 og ein diplom.

### Nominering – Frivilligprisen Vestland

1. Dei som nominerer må komme med ei god og skriftleg grunngjeving.
2. Prisen skal gå til enkeltpersonar eller organisasjonar.
3. Den/dei som får prisen bør vere rollemodellar, førebilete og til inspirasjon for andre.
4. Avdeling for kultur, idrett og inkludering har ansvar for utlysing og nominasjonsprosess.

### Juryen – Oppnemning og samansetning av juryen

1. Juryen består av representantar frå frivillig sektor.
2. Paraplyorganisasjonane for frivillig sektor er jury for prisen med ein representant kvar.
3. Juryen konstituerer seg sjølv og vel leiar mellom dei jurymedlemmane som er valt.
4. Juryen innstiller på prisvinnar til avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering som gjer endeleg vedtak.
5. Juryen bør ha en variert samansetning med tanke på mellom anna alder, kjønn og kulturell bakgrunn.
6. Juryen skal skriva ei grunngjeving om den/dei som vert innstilt til prisen.
7. Fylkeskommunen er sekretariat for juryen.

### Oppgåver til juryen

1. Å setja seg inn i føreslåtte kandidatar, vurdere kandidatane og velja ut en prisvinnar.
2. Juryen kan forslå at det skal være eit tema for neste års pris og kva temaet skal være.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtar kriterium og endringar av desse.